



KYRKJEBLADE

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 8

Desember

31. årg.

Juleevangeliet – alltid like nytt

Juleevangeliet er alltid nytt — alltid like nytt. «Idag er det fødd dykk ein Frelsar, som er Kristus Herren i David stad». Slik lydde det for to tusen år sidan, sungne og forkjent av englar på Betlehems markene julenatt. Ved julehøgtida også i år, vil det lyda på mange språk utover den vide jord.

Alltid like nytt og aktuell er denne bodskapen. Og det er to klare grunnar for det:

For det første er det aktuelt for alle som lever i dag, fordi me er alle syndige mennesker, som treng ein Frelsar frå synd og død og djevelens makt. Trass alle framskritt som er gjort på mange felter, er det ein ting der mennesket i dag står like hjelpelaust som

det stod då juleevangeliet lydde for første gong. Mennesket er ein syndar, og det kan ikkje frelse seg sjølv. So lenge mennesket strevar i elga kraft, er det som fisken i garnet, det kjem ikkje fri. «Alle har synda og vantar æra for Gud». — «Alle er avvikne, dei er duglause vortnæ alle ihop. Det finst ikkje nokon som gjer godt, det finst ikkje ein einaste ein». Difor treng me alle ein Frelsar.

Det er også ein annan grunn til at juleevangeliet er like aktuelt i dag, som det var då det lydde for første gong på vår jord: Nemleg dette, at der er ikkje funne nokon anna makt eller nokon annan person som *kan* frelsa mennesket frå synd og død og djeve-

-
-
- GUD HØYRER BØNN (s. 2)
 - ISOLASJONSKURS KYRKJE — SKULE PÅ VAKSDAL? (s. 3)
 - NYTT: JULEKONSERT I EKSINGEDEALEN (s. 4)
 - VAKSDALINGAR I BISKOPSHAVN (s. 5)

lens makt. — «Ho skal eiga ein son, og han skal du kalla Jesus, for han skal frelsa folket sitt frå syndene deira.» Namnet Jesus tyder frelsar, ein kunne difor også omsetja dette ordet slik: — «Han skal du kalla frelsar, for han skal frelsa folket sitt frå syndene deira.» Ingen annan kan med rette bera dette namnet. — «Det er ikkje frelsa i nokon annan, for det finst ikkje heller noko anna namn under himmelen som er gjeve millom menneske, soleis at me kan verta frelst ved det.» (Apgj. 4:12) — «Kvar den som kallar på Herrens namn, skal verta frelst.» (Ap.gj. 2:21.)

Difor skal me vera glade og takksame for Juleevangeliet. La oss alle høyra det igjen denne julehøgtid, og la oss alle gleda oss over det, og ta imot det. Det vert aldri gammalt!

Gledeleg jul til store og små, i alle heimar Kyrkjebladet finn vegen til.

Helsing

Gunvor og Lars Bjørsvik.

Dale Fabrikkutsalg

5280 Dalekvam
Telefon Dalekvam 2261
Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull metervarer
Strikke- jakker og gensere

A. L. VATLE DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer
Frukt og grønnsaker

Gud høyrer bønn

*Gud hører bønner idag som før,
bønnen er nøkken til nådens dør.
Bønnen kan smelte selv is og snø,
glem derfor aldri å be.*

Kor:

*Dypere ned i bønnen,
fylle den må ditt sinn.
Skal du fremgang få,
må i bønn du gå.
Dypere; dypere inn.*

*Alt hvad du ber om vil Jesus gi,
bundne han setter av lenker fri.
Himmelens sluser deg kraft vil gi.
blott du til bønnen tar tid.*

*Be for de ufreliste be og be selv
om du aldri får frukter se.
Tenk om du hjemme i himmelens kor
ser dem blant skaren så stor.*

*Verden for Gud må vårt valgspråk bli,
Arbeid og bønn må vi villig gi.
Hedninger venter å be for dem.
Bønnen kan bære dem hjem.*

*Markene hvite til høst de står,
enda så mange i verden går.
Timene iler så fort avsted,
glem derfor aldri å be.*

*Be så skal eder gis, let så skal I finne,
bank på så skal det lukkes opp for
eder.
For hver den som beder han får og
den som leiter han finner, og den som
banker på for ham skal det ulkkes opp.
Matteus 7. kap. 7-8 v.*

*A be er å lukke sjelen opp for Jesus.
Han er og har alt det vi syndere behøver i tid og evighet. Han er gitt oss
til visdom, rettferdighet, helliggjørelse og forløsning.* 1 Kor. 1:30
(*Framhald side 6*)

KYRKJEBLADE FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Magne O. Steinnes, 5270 Vaksdal.
Medarbeidarar: Lars Bjørsvik, Johanne B.
Helle og Magne Hesjedal.
Kasserar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammarsvik.
Postgiro 5 72 34 73. Bankgiro 3500.50.13117.
Utgjevar: Soknéråda i Vaksdal.
Bladpengar kr. 10,— for året.

Eksped.: Skaars Boktrykkeri,
5601 Norheimsund — tfn. 8.

Å tala same språk

Eg undrar meg på om det er nokon annan stad i Noreg kor det vert tala eit målføre i kyrkja og eit anna på skulen i ei og same bygd. Ja, med unnantak av Vaksdal då. Her lærer dei Truvedkjennings og Fader vår på nynorsk i skulestova, men når dei kjem i kyrkja vert det nytt bokmål. Det seier seg sjølv at det vert ein konfliktsituasjon som må skapa vånskar. Kan ein gjera noko med dette? Skal ein gjera noko med dette?

Trygve Hvidsten har i alle år vore med i kyrkjelivet i Vaksdal og er med i soknerådet. Kva meiner han?

— Nynorsk vil vera det naturlege i kyrkja på Vaksdal, ikkje minst når ein ser litt frametter. Skuleborna lærer no nynorsk, og det er dette målet ein elles nyttar i alle dei andre kyrkjene og i kommunen elles. Men han legg til — dei fleste i dag vil halda på bokmål i kyrkja. — Men kunne ein ikkje få inn nokre nynorskgudsstenester — til dømes familiegudstene? Eg meiner det har vore gjort eit vedtak om dette ein gong, men eg er ikkje sikker.

Språkproblemet tykkjer ikkje å ve-

ra så stort for skulen, men kyrkja, ligg ho her på ein isolasjonskurs? Eller har bokmål så sterke røter i folket her at ein lyt halda på det? Kva meiner du? I alle høve må det opp både i sokneråd og på soknemøte.

M. S.

Julekonserter —

(*Framhald frå side 4*)

får oppleve julens budskap gjennom gudstjenstlig fellesskap. Litt spesielt blir det vel også i år da vi har ny liturgi. Vi håper at den kan være med å gjøre julebudskapet enda mere levende.

L. R.

Me legg gjerne til at julekonsertane på Stamnes og Vaksdal også i år vil ha rikt program av song og musikk. Det me her på ein serleg måte vil nemna er at Stamnes damekor vil freista å gje noko av julekonsertgleda også til dei i Eksingedalen. Ein er takksam for dette nye tiltaket som vil finna stad sundag den 18. desember i Flatekval kyrkje.

Ny sokneprest

Res.kap. Magne Steinnes vart i statsråd fredag den 18. november utnevnd til ny sokneprest i Vaksdal. Nokon tilsettjingsdato er ikkje fastlagt.

DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co
Tlf. 2193 — Dalekvam

Ordinasjon på Dale

Sundag den 29. januar vert det ein stor dag for kyrkjelyden på Dale. Jon Ove Taule vert då ordinert av biskop Thor Wlth til presteteneste. Jon Ove Taule er 28 år, fødd og oppvaksen på Dale og har budd her til han for vel 6 år sidan dro til Menighetsfakultetet i Oslo for å studere teologi. Han tok i fjar haust teologisk embetseksamen og gjer seg i år ferdig med praktikum. På nyåret går han inn i feltprestenesta. Mén først vert det altså ordinasjon på Dale. Dette er fyrste gong. Det er også fyrste gong den nye biskopen i Bjørgvin vitjar kyrkjelyden og hyggeleg vil det verta for kyrkjelyden å få helsa på han.

På traverbanen

Jeg var hjemme på ferie. To av mine nærmeste hadde fått seg en ekstra fortjeneste i kassen på traverbanen. Da søndagen kom, så fulgte hele familien med disse, også jeg. Da jeg glkk gjennom porten, møtte meg en kompakt verslig åndsmakt. Min samvittighet sa tydelig at her var det ikke sted for et Guds barn å være en hellig søndag. I de andres følge gikk det allikevel.

Neste søndag ettermiddag gjentok historien seg med den forskjell at min samvittighet reagerte svakere enn forrige gang. Fristelsen førte meg enda ett skritt lenger ut i verdens forfengelighet, i det at jeg tippet på en hest. Dermed kom min personlighet en god del mere inn i bildet. Jeg kom inn i denne pirrende, besnærende spenning som er så velkjent.

Men Herren fulgte sitt barn med

vaktsomme øyne. Litt ut i programmet får jeg øye på ein vaksdalning (det var den gang jeg kjente alle på stedet). Det var endatil en pinsevenn. — Tenk at han er her! Jamen du er her jo du og. Javisst var jeg der med full vitende vilje. Nå kunne jeg funnet en trøst i dette, men ved Guds nåde fant jeg ikke det. Guds Ånd satte oss begge på plass. Den dagen sa jeg farvel til tipping og traverbane.

Johanne B. Helle.

Julekonserter

Julen nærmer seg og våre kor/korps har for lengst begynt å øve inn sitt julerepertuar rundt om i vår kommune. På Dale starter vi opp alleréde den 11. desember med «Lysmesse», med lysprosesjon, skriftlesing, tenning av den syvarmede lysestake, hornblåser, sang og musikk omkring advent og julen. Medvirkende er barne/ungdomskoret, res.kap. Steinnes, Thor Viggo Arrestad, Jorunn Høiland Arrestad og Lars Ragnvaldsen. Lørdag den 17. desember blir det julekonsert i Bergsdalen. Vi vil også forsøke en del lokale krefter til å ta turen til Bergsdalen også i år. Det vi alleréde vet er at Dale Mannskor vil medvirke slik at besøk i Bergsdalen til julekonserten kan gå litt på omgang. Resten av de medvirkende er ikke klar i skrivende stund.

Søndag 18. desember blir det Julekonsert på Dale og der vil Dale Mannskor, Dale musikkforening, Dale kyrkjekor og res.kap. Steinnes medvirke. Ellers vil vi håpe at folk tar del i julens gudstjenester slik at vi igjen

(Framhald side 3)

Endelig har jeg fått ta steget helt ut

15 unge fra Vaksdal gikk søndag den 20. november til nattverd for første gang og ville på denne måten bekjenne at de ville følge Jesus. Dette har vært et ønske lenge hos flere, forteller de, men ved gudstjenesten i Biskopshavn kirke vant de seier over seg selv til å ta det avgjørende skritt. Vi spør Rune og Helge om vi kan stille noen spørsmål og de er mer enn villig til å svare.

— Hvorfor ble nettopp denne søndagen så avgjørende for så mange?

— Vi var med ungdomskoret «Fides» på week-end til Biskopshavn til ungdomskoret der. På lørdagen hadde vi grupper som avslørte at de aller fleste gikk med tanker og ønsker om å bli kristne. Så ble vi enige om at noen måtte begynne. Vi opplevde en helg der vi var nødt for å stole på Gud. Selv følte vi at koret ikke fikk det 100 % til.

— Rune, hva betyr dette for deg?

— Endelig har jeg fått tatt steget fullt ut. Jeg ble veldig glad over at vi er flere.

— Helge, hva vil du si?

— Det betyr veldig mye for meg. Endelig full kontakt med Gud og så fellesskap med kammerater som har opplevd det samme. Pluss at vi nå er sammen i et miljø der vi overhode ikke bruker rusgift.

— Er det noe bibelvers eller sang som har vært til hjelp?

— Rune: Ja, en sang. «Kor mykje stort, kor mykje gildt, kor mykje herlegdom Dei unge får som kjem til Gud og tidleg vender om.»

— Helge: Matt. 5.1-12 + en sang

«Fall til ro, og kjenn at jeg er Herre»:

— Har dere noe å si om bønnens betydning for deg?

— Rune: Det hjelper til å holde meg oppe — borte fra fristelser — og så få takke for at Han har gitt enda en dag.

— Helge: Be om tilgivelse. En kontakt med en som aldri forlater oss.

— Rune, hva betyddet kristendommen for deg da du begynte i koret?

— Det var en religion slik vi hadde lært det på skolen. Jeg visste ikke at det kunne gi livet noe mer.

— Helge: Det var noe historisk som altså hadde skjedd for lenge siden. Jeg hadde heller ingen tanke om at det kunne bety noe mer. De legger ellers til at det var musikken som betyddet noe i første omgang — og nysgjerrighet. Ellers søkte en godt kameratskap.

Tenker dere mye på Gud idag?

— Helge: Føler at jeg lever sammen med han.

— Rune: Kontakten med Gud er stadig. Heldigvis.

Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 EIDSLANDET

Avd. 15 — 5296 EKSINGEDELEN

Hausvik og Faugstad %

Vaksdal

Telefon 3603.

Ser du dårleg?

Kan henda har du problem med å lese kyrkjebladet. Endå verre er det for mange at dei ikkje får lesa Bibelen, for skrifta vert for småstilt. Nå kan me gjera kjend at Det norske bibel-selskap har gjeve ut ei utgåve av Det nye testamentet for svaksynte. Me vil samstundes gjera kjend at me har 3 eksemplar på kontoret til gratis utdeling for dei som treng. Det er på grunnlag av eit legat at dette er mogeleg. Kjenner du nokon som kunne trenge ei slik utgåve, så kontakt oss. Bøkene er komme for å nyttast.

Gud hører bønn –

(Framhald frå side 2.)

Dersom I blir i meg,, og mine ord blir i eder, da be om hva i vil og I skal få det.

Johs. 15. 7

Vær ikke bekymret for noe, men la i alle ting eders begjæringer komme frem for Gud i påkallelse og bønn med takksigelse

Til. 4. 6.

Bare disse tre ord fra Skriften synes jeg er nok til å vise Jesu mening om bønnen.

Jesus går hen til synderen, vekker han opp av syndens søvn, omvender ham tilgir ham alle hans synder og gjør ham til sitt barn. Så tar han denne synders hånd og legger i sin sterke gjennemborede hånd og sier: Nå vil jeg gå med deg hele veien inn til jeg har deg hjemme i himmelen. Og kommer du i nød og vanskelighet

så bare tal til meg. Jeg skal gi deg uten å bebreide deg, alt det du trenger og mer til hver dag og hver natt så lenge du lever.

Min venn tror ikke du også at det var dette Jesus egentlig mente da han gav oss bønnen. Det var slik vi skulle bruke den. Amen.

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE:

DALE:

Helge Langeland, fødd 3/8 1977, døypt 30. oktober 1977.

Finn-Are Haug, fødd 11/8 1977, døypt 13. november 1977.

Kathrine Drangevåg, fødd 17/7 1977 døypt 30. oktober 1977.

Ingjerd Helle Lorentsen, fødd 3/9 1977, døypt 30. oktober 1977.

Siren Fotland, fødd 20/8 1977, døypt 13. november 1977.

VAKSDAL:

André Kvamme, fødd 9/9 1977, døypt 6. november 1977.

Monika Sæterdal, fødd 19/8 1977, døypt 27. november 1977.

VIGDE:

DALE:

Edward James Hope og Ase Elisabeth Jensen, vigde 22. oktober 1977.

AVLIDNE:

DALE:

Evald Johan Mikkelsen, fødd 20/8 1903, døydde 4. nov. 1977, gravlagd 10. nov. 1977.

Lars Rørbakken, fødd 10/11 1889, døydde 8. nov., gravlagd 12. nov. 1977.

VAKSDAL:

Ragna Birgitte Knutsen, fødd 13/11 1898, døydde 14. nov. 1977, gravlagd 19. nov. 1977 frå Tabernaklet.

Velkommen til Kyrkja

Laurdag 17. desember:

Stamnes kyrkje kl. 18.00. Julekonsert. Stamnes damekor, Stamnes musikkklag, Ungdomskoret, org. Michelsen og res.kap. Steinnes. Kollekt til IKO/Indre sjømannsmisjon. Bergsdalen kyrkje kl. 17.00. Julekonsert. Dale Mannskor, org. Ragnvaldsen og sokneprest Bjørsvik.

4. søndag i Advent, 18. desember:

(Joh. 3 26-31a)

Flatekval kyrkje kl. 1.00. Gudsteneste/julekonsert. Res.kap. Steinnes. Stamnes damekor.

Dale kyrkje kl. 18.00. Julekonsert. Dale Mannskor, Dale Musikkforening, Dale Kyrkjekor, org. Ragnvaldsen og res.kap. Steinnes. Kollekt.

Vaksdal kyrkje kl. 18.00. Julekonsert. Vaksdal Musikklag, Vaksdal Guttemusikkorps, Vaksdal kirkekor, org. Michelsen og sokneprest Bjørsvik. Kollekt.

Julaften: (Luk. 2,1-20)

Dale kyrkje kl. 15.00 og kl. 16.00. Barnegudsteneste. Sokneprest Bjørsvik. Musikk. Kollekt til søndagsskulen.

Stamnes kyrkje kl. 14.00. Barnegudsteneste. Res.kap. Steinnes. Musikk. Kollekt til søndagsskulene.

Vaksdal kyrkje kl. 16.00. Barnegudsteneste. Res.kap. Steinnes. Song av barnekoret, musikk. Kollekt til søndagsskulene.

1. Juledag (Joh. 1,1-5 ev. Luk. 2,1-20)

Dale kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Bjørsvik. Song. Offer til Menighetsfakultetet.

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Res.kap. Steinnes. Song av Vaksdal kyrkjekor. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

2. Juledag: (Joh. 1,1-5 ev. Luk. 2,1-20)

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Santalmisjonen. Nesheim-kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste.

Res.kap. Steinnes. Offer til søndagsskulen. Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Bjørsvik. Offer til leirstaden Fagertun.

Eidsland kyrkje kl. 17.00. Høgtidsgudsteneste. Res.kap. Steinnes. Offer til Det Norske Misjonsselskap. Fellesgudsteneste med Modalen.

31. des., Midnattsgudsteneste: (Luk. 13,6-9)

Dale kyrkje kl. 23.00. Sokneprest Bjørsvik.

Vaksdal kyrkje kl. 23.00. Res.kap. Steinnes.

Nyttårsdag, 1. januar: (Matt. 1,20b-21)

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.

Nattverd.

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Kristi Openberringssøndag, 8. januar:

(Joh. 8,12.)

Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Flatekval kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes. Nattverd.

Vingårdssøndagen, 15. januar: (Lk. 17,7-10)

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes.

Eidsland kyrkje kl. 11.44. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Stamnes kyrkje kl 18.00. Sokneprest Bjørsvik.

Samannta-søndag, 22. januar: (Mark. 4,26-32)

Dale kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes.

Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Kristi forklaringsdag, 29. jan. (2. Mos. 3,1-6)

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes.

Nattverd.

Nesheim kyrkje kl 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Dale kyrkje kl. 18.00. Ordinasjon av Jon Ove Taule. Biskop Thor With, sokneprest Bjørsvik, res.kap. Steinnes m.fl.

Sjå og kunngjering i lokalblada

GOD JUL!

ynskjer me store og små,
i alle heimar i Vaksdal.

Kyrkjebladet.

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

| | | |
|--------------------|-------|-------|
| DALE, telefon 2421 | Frå | Til |
| Måndag, tysdag, | | |
| onsdag og fredag | 8.30 | 15.00 |
| Torsdag | 10.00 | 17.30 |

| | | |
|-----------------------|-------|-------|
| VAKSDAL, telefon 3605 | | |
| Tysdag og fredag | 8.30 | 15.00 |
| Torsdag | 10.00 | 17.00 |

| | | |
|-----------------------|------|-------|
| STAMNES, telefon 8015 | | |
| Måndag | 9.30 | 14.00 |

Bruvik Sparebank

Vaksdal, Dalekvam, Stammeshella

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

Dale Handelsforening

Dalekvam

**TOMAS UTSKOTTS
SKOFORRETNING**

Dalekvam

RADIOSPECIALEN %

Tlf. 2240 DALKEVAM

R A D I O — T V

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR

SALMEBØKER- SANGBØKER

EIDE & PETERSEN %

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

Arth. og Arne Vaksdal

HANDEL

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161
Stanghelle — Vaksdal — Dale

Vaksdal koop. Handelslag

V A K S D A L

Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710,

Kjøp i Dykkær eigen forretning